



Blom Fiskeoppdrett AS
Ulvøyvegen 130
5337 RONG

Dato: 31.08.2018
Vår ref.: 2016/5594-22
Saksbehandlar: Trond Wahl
Telefon:40 91 62 23

Blom Fiskeoppdrett AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure på lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune. Omgjering av vedtak.

Hordaland fylkeskommune syner til søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS av 19.08.2016 og vårt vedtak om avslag av 26.04.2017 på søknad om auke i maksimal tillat biomasse på lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune.

Vedtak

Blom Fiskeoppdrett AS org. nr. 840215512, med akvakulturløyva H-R-4 og H-R-11 får med dette løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø på følgjande lokalitet i Lindås kommune

Lokalitetsnr.	Lokalitetsnavn	Kommune	Lokalitetsbiomasse
10086	Rekeviki	Lindås	3120

Løyvet gjeld for anleggsplassering som vist i vedlagt kart, med ytterpunkt som har følgjande posisjonar i grader og desimalminutt (Kartdatum Euref89/WGS84):

Midtpunkt	1	2	3	4
N 60° 43,405'	N 60° 43,431'	N 60° 43,431	N 60° 43,377'	N 60° 43,377'
Ø 05° 19,715	Ø 05° 19,551'	Ø 05° 19,882'	Ø 05° 19,882'	Ø 05° 19,551'

Lokaliteten er med dette klarert for følgjande løyve;
H-R-4 og H-R-11 Blom Fiskeoppdrett AS

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur av laks, ørret og regnbueørret. Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, dyrevelferdslova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Omgjering av vedtaket heimles i Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) §35.

BAKGRUNN OG SAKSANG

Blom Fiskeoppdrett AS skriv i søknaden 19.08.2016 at dei er i moderniseringsfase og satser på produksjon av stor smolt. Dette gjer at fisken veks raskare og dermed står kortare tid i sjøen. Som ein følgje av dette når dei små lokalitetane raskt sin lokalitetsbegrensing. Difor søker dei no om utviding av maksimal tillat biomasse med 1560 tonn til ein total MTB på 3120 tonn på lokalitet Rekeviki i Lindås kommune. Det vert ikkje søkt om endra arealbruk.

Hordaland fylkeskommune si vurdering av saka

Søknaden har på vanleg måte vore offentleg utlyst, og vore til handsaming i kommunen og hjå sektorstyresmaktene. Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å slutthandsame søknaden etter akvakulturlova.

Høyring etter forskrift om konsekvensutgreiingar etter sektorlover

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Søkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III.

Offentleg ettersyn og kommunal handsaming

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentleg innsyn i Lindås kommune. Det kom ikkje inn merknader til søknaden.

Lindås kommune gav dispensasjon til noverande plassering 04.03.2015. Kommunen kom med uttale i saka 23.11.2016 der dei ber om at det vert utført ny strømmåling for ny anleggskonfigurasjon og utvida analyse av påverknad frå dagens anlegg før det vert gjeve løyve til utvida maksimalt tillaten biomasse for anlegget i Rekeviki. I tillegg ber Lindås kommune om at Hordaland fylkeskommune gjer ei totalvurdering av utslepp frå akvakultur til Fensfjorden i samband med søknad om utviding av maksimal tillaten biomasse på lokaliteten. Vidare meiner kommunen at dagens avsette areal til produksjon ikkje er stort nok til å kunne gje løyve til ei dobling av maksimal biomasse. Kommunen anbefalar difor at utviding av maksimalt tillaten biomasse ved anlegget vert gjort i samanheng med endring av areal i kommuneplan eller regulering av arealet gjennom reguleringsplan.

Sektormynda si handsaming

Mattilsynet, region Sør og Vest, og Kystverket Vest har gjeve løyve etter sine regelverk. Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern og klimaavdelinga og Fiskeridirektoratet Vest har gjeve natur- og fiskerifaglege uttalar.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga gav avslag på søknaden 06.12.2016. Avslaget blei gitt i medhald av forureiningslova § 7 og § 11 femte ledd, og vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12.

Miljødirektoratet omgjer Fylkesmannen sitt vedtak 27.08.2018. Miljødirektoratet fattar følgjande vedtak, «Blom Fiskeoppdrett AS får tillatelse etter forurensningsloven til produksjon av inntil 3120 tonn MTB (maksimalt tillatt biomasse) ved akvakulturlokalitet Rekeviki med nærmere vilkår om overvåking.»

Grunngjeving for vedtaket

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som er gjeve i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) det er miljømessig forsvarlig;
- b) det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på

1. søkers behov for areal til planlagt akvakultur,
2. alternativ bruk av området til annen akvakultur,
3. annen bruk av området, og
4. verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.

c) det er gitt tillatelser som kreves etter

1. lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,
2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,
3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.

d) det ikke er i strid med

1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,
2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

a) miljømessig forsvarleg

Etablering av lokaliteten er og tidlegare vurdert med omsyn til biologisk mangfald, forureining av det ytre miljø og økologiske effektar.

Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslépp til luft og vatn er og vurdert av Miljødirektoratet, dei gjer løyve etter forureiningslova. I vedtaket vert det sett krav om overvaking.

Det er gjennomført fleire MOM-B undersøkingar på lokaliteten (26.06.2008, 09.11.2010, 08.01.2013, 23.06.2014, 15.10.2015, 04.11.2016 og 08.08.2017) der alle var 1 eller 2 meget god eller god. MOM-C undersøkinga frå oktober 2016 syner at den organiske belastninga er stor tett på anlegget, men overgangssonen har resultat som tilseier omtrent lik eller lågare verdiar enn referansestasjonen. Det er lave nivå av kopper og sink på samtlige undersøkte stasjoner.

Dette tyder på at lokalitet Rekeviki er ein lokalitet som kan tåle ei utviding.

I følgje Havforskningsinstituttet er lakselus og påverknad på villfisk eit aukande problem. Det er og ein kopling til tal laks i ein merd og tal lakselus som spreias i fjorden. Villfisk og andre organismar kan smittas eller ta opp smittestoffer frå infisert oppdrettsfisk.

Sidan Blom Fiskeoppdrett AS syner å ha god kontroll på tal lus finn ein det sannsynleg at verksemda vil kunne halde seg under lusegrensa ved ein dobling av maksimal tillat biomasse på lokaliteten.

Mattilsynet legg til grunn i sitt løyve at lokalitet 10086 Rekeviki vil vere ein egna lokalitet for utviding som omsøkt.

I Hordaland fylkeskommune si vurdering, i vedtak fatta 26.04.2017, om tiltaket var miljømessig forsvarleg (§30a i laksetildelingsforskrifta) var det utelukkande lagt til grunn vurderingane frå Fylkesmannen i Hordaland. Sidan denne er oppheva finn Hordaland fylkeskommune at det ikkje lenger er grunnlag for avslaget.

Med bakgrunn i dei nye vurderingane til Miljødirektoratet ved handsaminga av klagen har fylkeskommune konkrete haldepunkt for at ei utviding av produksjonskapasiteten på Rekeviki kan gjennomførast.

Naturmangfaldlova

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 §§ 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 30 a.

Vurderingane i samband med søknaden er gjort ut i frå tilgjengeleg kunnskap og registreringar i området.

Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene. Det er i denne prosessen ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget sin påverknad på naturmangfaldet, jf. § 8 Kunnskapsgrunnlaget. Saka vert sett på som tilstrekkeleg opplyst, og føre-var prinsippet vert difor ikkje tatt i bruk, jf. § 9 Føre-var prinsippet.

Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologiske effektar eller naturmiljøet, jf. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket er årsak til, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter, jf. § 11 Kostnader ved forverring av miljø.

Det er eigne forskrifter som gjev krav til teknisk standard og regulerer drift av akvakulturanlegg. Det er eit ufråvikeleg krav at drifta skal vere teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg, jf. § 12 Miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetodar.

Vassforskrifta

Lokaliteten Rekeviki ligg i vassførekomsten Austfjorden (0261040300-2-C). Austfjorden er eit beskytta kyst/fjord område og er vurdert til å ha god økologisk tilstand. Dette kjem fram på nettstaden vann-nett.no som nyttas i oppfølginga av vassforskrifta. Datagrunnlaget for tilstandsvurderinga er imidlertid dårleg.

b) avveging av arealinteresser

1. Søkar sitt behov for lokaliteten/arealet.

Området er allereie i bruk av søkjar. Det er ikkje søkt om endra areal.

2. Alternativ bruk av området til anna akvakultur.

Området er allereie i bruk til oppdrett av matfisk av laks og aure, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til anna akvakultur.

3. Anna bruk av området.

Søknaden er vurdert opp mot anna og alternativ bruk av området. Det har ikkje kome inn opplysningar om anna bruk av området i samband med offentleg utlysing.

Kommunen sin uttale skal tilleggas stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga skal likevel ivareta ei heilskapleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser.

Lindås ønskjer ny straummåling for ny anleggskonfigurasjon og utvida analyse av påverknad frå dagens anlegg før det vert gjeve løyve til å utvide maksimalt tillaten biomasse for anlegget i Rekeviki. Dei ber og om grundig vurdering i høve utviding av maksimal tillaten biomasse på lokaliteten.

Hordaland fylkeskommune visar her til vurderingar gjort av Miljødirektoratet sitt vedtak av 27.08.2018, kor det vert sett krav om overvaking av moglege miljøeffektar.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje uttale i høve til tradisjonelle fiskeriinteresser, og dei går heller ikkje imot at det vert gjeve løyve til utviding av anlegget.

Kystverket viser i brev av 13.09.2016 til vedtak av 13.08.2015

4. verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d:

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfattas av bokstav d i søknadsprosessen.

c) løyve etter anna lovverk

Mattilsynet, Region Sør og Vest har gjeve løyve etter matlova og dyrevelferdslova. Løyvet datert 20.02.2017 ligg vedlagt.

Miljødirektoratet har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova, vedtak av 27.08.2018 ligg ved.

Kystverket Vest har gjeve løyve til etableringa etter hamne- og farvannslova. Løyvet av 13.08.2015 ligg vedlagt.

Søknaden gjeld bruk av sjøvatt og er difor ikkje handsama av NVE etter vassressurslova

d) tiltaket skal ikkje vere i strid med:

1. Vedtatt arealplan etter plan og bygningslova.
Det føreligg dispensasjon frå Lindås sin arealplan.
2. Vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.
3. Vedtatt vernetiltak kulturminnelova.

Etter ei samla vurdering, etter Lov om akvakultur 17.06.2005 nr. 79, gjev Hordaland fylkeskommune Blom Fiskeoppdrett AS org. nr. 840215512, med akvakulturlova H-R-4 og H-R-11 med dette løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) på lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune.

Generelle vilkår

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom- eller andre privatrettslege forhold.
- Løyve vert gitt under føresetnad av at etablering, drift og avvikling vert gjennomført i samsvar med andre gjeldande forskrifter og vilkår.
- Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengelege på www.lovdatab.no.

Anna

Hordaland fylkeskommune viser til kravet i § 35 i forskrift av 17.06.2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg når det gjeld miljøovervaking og rapportering av miljøundersøkingar til myndighetene. Vi ber om at miljøundersøkingar blir sendt til myndighetene via Altinn.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga.

Løyvet kan trekkast tilbake dersom føresetnadane for løyvet vert vesentleg endra.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på av saka sine partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet underretninga om avgjerda er komen fram til vedkomande part, sjå om dette i vedlagt orientering. Eventuell klage skal sendast til Hordaland fylkeskommune.

I medhald av forvaltningsloven § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til utsett iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å søke om at iverksetting vert utsatt til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.


Vedlegg:

Kystverket Vest 13.08.2015
Mattilsynet Region Sør og Vest 20.02.2017
Miljødirektoratet 27.08.2018
Fiskeridirektoratet Region Vest 04.10.2016
Lindås kommune 23.11.2016


Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga
Mattilsynet, Region Sør og Vest, avdeling Bergen og omland
Kystverket Vest
Lindås kommune
Miljødirektoratet


H-R-4 og H-R-11 Blom Fiskeoppdrett AS Lokalitet 10086 Rekeviki



10086 Rekeviki - Klarerte ytterpunkt



Målestokk: 1:10 000




1	54 113 100	2022.08.05	TH
1	70 113 110	06.08.2016	TH
1	70 113 110	06.08.2016	TH

BLOM FISKEOPPRETT AS
 Rekeviki, Lindås kommune
Oppdrettsanlegg
 Olex burntopografi / toporaster

Opprettet av: BLOM FISKEOPPRETT AS
 Tegnning av: AKVA.SAFE AS
 Skala: A3 + 1 : 5 000
 Tegnet av: Ingvor Karlson
 Tilstede: Jostein Løpez

BLOM FISKEOPPRETT AS **AKVA.SAFE AS**
 1016 A 103 3



1		POLITISKE		TILBUDS		TM	
nr	betegnelse	nr	betegnelse	nr	betegnelse	nr	betegnelse
	BLOM FISKEOPPRETT AS						
	Rekevirk, Lunda kommunne						
	Oppdrettsanlegg m/ forflytning						
	ANLEGGSSKISSE						
BLOM FISKEOPPRETT AS		AKVASAFE AS		1016		A 104	
1016		3					

Punkt/Line	START		SLUTT	
	Breddegr.	Lengdegr.	Breddegr.	Lengdegr.
Fiskeridir.	60°43,386	05°19,527		
Midtpunkt	60°43,405	05°19,715		
NV	60°43,431	05°19,551		
NØ	60°43,431	05°19,882		
SØ	60°43,377	05°19,882		
SV	60°43,377	05°19,551		
1	60°43,431	05°19,551	60°43,609	05°19,551
2	60°43,431	05°19,660	60°43,760	05°19,661
3	60°43,431	05°19,772	60°43,732	05°19,770
4	60°43,431	05°19,882	60°43,684	05°19,883
5	60°43,431	05°19,882	60°43,430	05°20,493
6	60°43,377	05°19,882	60°43,377	05°20,540
7	60°43,377	05°19,882	60°43,201	05°19,883
8	60°43,377	05°19,772	60°43,236	05°19,770
9	60°43,377	05°19,660	60°43,291	05°19,661
10	60°43,377	05°19,551	60°43,339	05°19,551
11	60°43,377	05°19,551	60°43,377	05°19,500
12	60°43,431	05°19,551	60°43,431	05°19,473



(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) 31.08.2018
(3) Mottakar (namn og adresse) Blom Fiskeoppdrett Ulvøyvegen 13 5337 RONG	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet, Kyst og Havbruksavd Postadresse: Pb. 185 Sentrum, 5804 Bergen
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>ven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevjegrunggjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunggjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunggjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunggjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga <p>Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom ved taket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve